

OPPGÅVE OM KLÅRSPRÅK

Ei gruppe studentar på retorikkstudiet ved Universitetet i Oslo har skrive ei oppgåve om klårspårak med utgangspunkt i [St.meld. 35 \(2007–2008\) Mål og meining](#).

Studentane frå UiO har teke føre seg eit mykje brukt Nav-skjema med rettleiing. Dei har òg undersøkt kva for rutinar Nav har for utforming av skjema.

I oppgåva peikar studentane mellom anna på at sjølv jussen ofte veg tyngre enn språket når offentlege skjema og rettleiingar skal lagast.

Meir informasjon om denne studentoppgåva kjem i Språknytt våren 2009.

[Meir om klårspårak](#)
[Meir om skjema](#)
[Meir om retorikkstudiet](#)

FOR MÅLTROSTAR

Røyking forbode

Kvifor skal det ikkje vere *j* i ord som *bygging* og *røyking*, spør mange. Det er unekteleg rart at ein kan *røykje*, medan *røykjing* er forbode. Slik er systemet:

å røykje – *røykjer* – *røykte* – *har røykt*
presens partisipp: *røykjande*
imperativ: *røyk*
substantiv: *røyking*

Likeins: *å byggje* – *byggjer*, men *bygging*

Fram til 1938 skreiv ein *-jing* systemrett i slike ord. Då vart *j*-en fjerna, slik at vi no mest aldri skriv *j* mellom *k* eller *g* og *i*. Det skulle vere greitt å hugse. Men vi har framleis *j* etter *t* i mange ord. Døme: *å setje* – *setjing*.

FOR BOKFINKER

Advent, utadventd og innadventd (eller omvendt)

Når en liten bokstav faller ut av et ord, kan det skje store ting med meningen. I stillingsannonser står det ikke sjelden at den som søker, må være «utadvent». Mon tro hva det betyr? Vil det si at søkeren får begynne i jobben, men må slutte når det nærmer seg jul?

Ordet *advent* kommer av latin *adventus* «(Kristi) komme». Det har altså ikke noe med det norske verbet *vende* å gjøre (men det har *utadventd* og *innadventd*).

Advent skal altså skrives uten *d*. Men husk å ta med *d*-en når du skriver *utadventd* og *innadventd*, selv om *d*-en ikke skal uttales.

SPRÅKSPØRSMÅL

Spørsmål: Skal vi skrive *PIN-kode*, *pinkode* eller noko heilt anna?

Svar: *PIN* er eit såkalla initialord (Personal Identity Number). I initialord som ikkje er særnamn (bm. egennavn), er det ofte valfritt om ein skal bruke store eller små bokstavar. I norske ordbøker og oppslagsverk er *PIN* og *PIN-kode* (med bindestrek) den einaste oppførde skrivemåten.



SPRÅKEGGET

Eggene i denne spalten er verpet av skribenter i stat og presse. Dette egget kommer fra ordensmakten:

«Mørketallene er store, men hvor store tallene er kan man ikke svare fornuftig på uten å ta med i betraktning at det er relativt uklart og omstridt hva det er man skal måle.»

I mørket kan det som kjent være vanskelig å orientere seg, spesielt når også tallene er mørke. Det hjelper nok at de er store.

«Når et ord er sluppet løs, kan ikke ti ville hester innhente det.»

Japansk ordtak

OVENFOR OG OVERFOR

Ovenfor/ovanfor betyr 'høyere enn' eller 'høyere oppe' (loddrett):
Jf. den saken som er nevnt **ovenfor**.

Overfor betyr 'vis-à-vis, midt imot', altså ikke høyere enn, men på samme plan (vannrett):
Universitetet ligger rett **overfor** teateret.

Overfor brukes også ofte i overført betydning:
Vi står **overfor** store utfordringer.

I tilfellet ovenfor kan vi ikke bruke *ovenfor*.

KONTAKTINFORMASJON

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet. Vi skal yte språkhjelp med to mål for auga:

- Språket i staten skal bli betre og klårare.
- Fordelinga mellom nynorsk og bokmål skal bli jamnare.

Meir informasjon om språktenesta finn du [her](#). Statstilsette kan sende språkspørsmål til stat@sprakradet.no.

[Tidlegare utgåver av Språktips](#)